



Einar Berentsen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13951 - 20/57176

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
16.09.2020

Svar på førespurnad - gbnr 5/3 Dyrdal

Vi viser til din førespurnad mottatt 06.08.2020. Vi forstår førespurnaden til å gjeld eigedomen gbnr 5/3 Dyrdal.


Det er kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 som gjeld for området.

Utsnitt frå kommunedelplanen



Område for spreidd naust

Område for hamn



I planen er det sett av eitt byggeområde for etablering av fritidsbustadar (område med oransje farge), og eitt byggeområde for etablering av hamn (område med lyseblå farge). Området som er avsett til hamn ser det ut som gbnr 5/3 er deleigar i. I tillegg er det avsett eitt område inst i vika for spreidd naustbygging der det er opna for etablering av 3 naust i planperioden. Vi ser av kommunen sitt arkiv at det vart gitt byggeløyve for oppføring av eitt naust her i 1975.

I byggeområda er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før nye tiltak kan etablerast, medan området for spreidd naustbygging kan byggast ut med 3 naust utan reguleringsplan.

Heile det aktuelle området ligg innanfor faresone ras- og skredfare H 310. I desse områda må det som hovudregel liggja føre geologisk vurdering før nye tiltak kan godkjennast.

Kommunedelplanen for Lindås med plankart og føresegner finn de på kommunen sine heimesider. Sjå her: https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Overordna_planar/

Dersom de treng ytterlegare rettleiing i forhold til framtidig utnytting av eigedomen må de be om ein førehandskonferanse. De må då gjera greie for aktuelle tiltak og kommunen vil førebu eit møte der vi går gjennom rammer og føresetnadar for etablering av planlagte tiltak.

Førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste der gebyret pr. i dag er kr 3 300,-. Skjema for førespurnad om førehandskonferanse finn de her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erling Magnus Berentsen

Selandgutua 8

2350

NES PÅ HEDMARKEN

Mottakarar:

Einar Berentsen